SVEIO KONTROLL- OG KVALITETSUTVAL

PROTOKOLL

Måndag **19. mai 2025** blei det halde møte i Sveio kontroll- og kvalitetsutval under leiing av nestleiar Ole Johan Sveen.

MØTESTAD:	Sveio kommunehus, kommunestyresalen
MØTESTART/SLUTT:	Kl. 14.00 – 14.50
MØTANDE MEDLEMMER:	Ole Johan Sveen (TvF), Per S. Wathne (Krf), Marit Elise Lier (Ap) og Andreas Bårtvedt (H)
MØTANDE VARAMEDLEMMER:	3. vara John K. Liknes (TvF)
FORFALL:	Kjartan Moe Hustvedt (MDG) og 1. – 2. vara
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ ROGALAND REVISJON:	Regnskapsrevisor Cecilie Grøsfjeld Ørland
FRÅ ADMINISTRASJONEN:	Rådmann Jostein Førre og økonomisjef Cathrine Ellingsen
ANDRE SOM MØTTE:	Ingen
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTEN:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA

SAK 06/25 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 17.02.25

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:
Protokoll frå møtet i Sveio kontroll- og kvalitetsutval 17.02.25 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 19.05.25:
Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 19.05.25:

Protokoll frå møtet i Sveio kontroll- og kvalitetsutval 17.02.25 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 07/25 ORIENTERING OM «ØKONOMIAVDELINGA» V/ØKONOMISJEF

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:
Sveio kontroll- og kvalitetsutval tek økonomisjef Cathrine Ellingsen si utgreiing om sitt arbeids- og ansvarsområde til orientering.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 19.05.25:
Økonomisjef Cathrine Ellingsen, som nyleg hadde starta i stillinga som økonomisjef, presenterte seg.

Vidare så viste ho ein presentasjon og gjorde greie for avdelinga sine ulike ansvar- og arbeidsoppgåver. Dei utarbeider og leverer ulike rapporter gjennom året, som til dømes budsjett, årsavslutning, KOSTRA-rapportering og tertialrapportar. Avdelinga har ein støtte- og rådgivingsfunksjon til resten av kommunen. Økonomisjef og rådmann svara på spørsmål.

Møteleiar takka for ei interessant orientering.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 19.05.25:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tek økonomisjef Cathrine Ellingsen si utgreiing om sitt arbeids- og ansvarsområde til orientering.

SAK 08/25 UTTALE TIL ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR 2024 – SVEIO KOMMUNE

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:
Sveio kontroll- og kvalitetsutval vedtek uttale til årsrekneskap og årsmelding 2024 slik den ligg føre (med desse endringane/tillegg).
Kontroll- og kvalitetsutvalet tilrår at Sveio kommunestyre godkjenner årsrekneskapen og årsmeldinga for 2024.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 19.05.25:
Økonomisjef Cathrine Ellingsen viste ein presentasjon og gjorde greie for årsrekneskapen. Ho orienterte om det økonomiske resultatet, nøkkeltal, inntekter, utgifter og investeringar.

Revisor Cecilie Grøsfjeld Ørland orienterte om revisjonen sitt arbeid. Ho gjorde greie for kommunen sin økonomisk situasjon og kommunen sine måltal. Vidare gjorde ho greie for funn/merknader i dei ulike delane av rekneskapen. Revisjonsberetninga var utan merknader. Revisor meinte at kommunen hadde god kontroll og gode rutinar.

Økonomisjef og rådmann svara på spørsmål. Utvalet var nøgd med orientera og slutta seg til uttalen slik den var fremma.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 19.05.25 og innstilling:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval vedtek uttale til årsrekneskap og årsmelding 2024 slik den ligg føre.

Kontroll- og kvalitetsutvalet tilrår at Sveio kommunestyre godkjenner årsrekneskapen og årsmeldinga for 2024.

SAK 09/25 UTTALE TIL REKNESKAP OG ÅRSMELDING 2024 – RYVARDEN KULTURFYR KF

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:
Sveio kontroll- og kvalitetsutval vedtek uttale til Ryvarden Kulturfyr KF sitt rekneskap for 2024, slik den ligg føre.

Sveio kontroll- og kvalitetsutval vil tilrå at kommunestyret godkjenner Ryvarden Kulturfyr KF sitt årsrekneskap og årsmelding for 2024.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 19.05.25:
Revisjonen hadde ingen merknader til rekneskapen.

Utvalet hadde ingen merknader og slutta seg til uttalen slik den var fremma.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 19.05.25 og innstilling:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval vedtek uttale til Ryvarden Kulturfyr KF sitt rekneskap for 2024, slik den ligg føre.

Sveio kontroll- og kvalitetsutval vil tilrå at kommunestyret godkjenner Ryvarden Kulturfyr KF sitt årsrekneskap og årsmelding for 2024.

SAK 10/25 FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL FOR 2024

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:
Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar vedlagte attestasjonsuttale frå Rogaland Revisjon IKS om økonomiforvaltninga for 2024 til orientering.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 19.05.25:
Revisor Cecilie Grøsfjeld Ørland orienterte om kontrollen. I 2024 hadde dei undersøkt etterleving av «Lov om offentlige anskaffelser».

Konklusjonen på kontrollrollen var positiv. Kommunen hadde gode rutinar og følgde loven på dette området.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 19.05.25:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar vedlagte attestasjonsuttale frå Rogaland Revisjon IKS om økonomiforvaltninga for 2024 til orientering.

SAK 11/25 OPPFØLGING AV REVISJONSRAPPORT – «PLEIE OG OMSORG»

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:
Sveio kommunestyre tek rådmannen si tilbakemelding om oppfølging av revisjonsrapporten «Pleie og omsorg» til orientering.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 19.05.25:
Møteleiar viste til den skriftlege tilbakemeldinga som var vedlagt saken. Han meinte administrasjonen hadde gitt ei god og grundig tilbakemelding.

Utvalet hadde ingen merknader og slutta seg til innstillinga.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 19.05.25 og innstilling til kommunestyret:

Sveio kommunestyre tek rådmannen si tilbakemelding om oppfølging av revisjonsrapporten «Pleie og omsorg» til orientering.

SAK 12/25 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER

5. Statusrapport pr. mai 2025
6. KST-vedtak 07.04.25 – Kontroll- og kvalitetsutvalet si årsmelding 2024
7. KST-vedtak 07.04.25 – revisjonsrapport «Plan og byggesak»
8. Generalforsamling 25.04.25 – Haugaland Kraft AS
9. Representantskapsmøte 23.04.25 – Haugaland Vekst IKS
10. Representantskapsmøte 28.04.25 – Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
11. «God økonomikontroll i Sveio» - artikkel frå Kommunal Rapport 15.04.25

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 19.05.25:
Møteleiar orienterte kort om sakene. Utvalet hadde ingen særskilte merknader til referatsakene.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 19.05.25:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar referatsakene 5 – 11 til orientering.

YMSE
Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

Neste møte: måndag 22.09.25, kl. 14.00

Saker: orientering frå personalavdelinga, utvalet sitt budsjett for 2026, val av nytt revisjonsprosjekt, orientering om revisjonsstrategi og revisor sin eigenerklæring.

Sveio/Aksdal, 19.05.25

Ole Johan Sveen
Nestleiar

Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær